

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 218/2016

2018/EØS/56/03

av 2. desember 2016

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommissjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1100 av 5. juli 2016 om endring av vedlegget til vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Costa Rica, Tyskland, Litauen, Namibia og Spania⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 7.2 nr. 49 (kommisjonsvedtak 2007/453/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32016 D 1100**: Kommissjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1100 av 5. juli 2016 (EUT L 182 av 7.7.2016, s. 47).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1100 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2016, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L 182 av 7.7.2016, s. 47.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 2. desember 2016.

For EØS-komiteen

Bergdís Ellertsdóttir

Formann